



## Notat

Dato: 18.06.2018  
Arkivsak: 2018/11205-11  
Saksbehandlar: oysskar

---

**Til:** Ole Vegard Skauge

---

**Frå:** Øystein Skår

---

### **Innspel automatisk freda kulturminne - Bybanen til Åsane - områdereguleringsplan for Bybane og detaljreguleringsplan for sykkel**

#### Automatisk freda kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Fylkeskommunen samordne i tillegg kulturminnefråsegn frå Riksantikvaren og Bergens Sjøfartsmuseum i saker som kan råke Mellomalderbyen Bergen og marinærkeologiske kulturminne.

#### ***Delstrekning 1 Kaigaten – Sandbrogaten:***

Heile delstrekning 1 ligg innafor automatisk freda mellomalderbygrunn med id.nr. 89049 i Riksantikvaren sin kulturminnedatabase Askeladden. Riksantikvaren er fagmynde for mellomalderbyane i Noreg og vil gje fråsegn til denne strekningen.

#### ***Delstrekning 2 Sandbrogaten – Eidsvågtunnelen:***

Planområde gjennom Sandviken er bredt og tek høgde for mange trasealternativ. I deler av området kan det være potensial for funn av ukjende automatisk freda kulturminne og det må difor påreknast ei arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta jf. § 9 i kulturminnelova.

#### ***Delstrekning 3 Eidsvågtunnelen – Tertneskrysset***

I Ervik er det kjend ei rekke automatisk freda kulturminne frå store deler av forhistorisk tid. Deler av planområdet har stort potensial for funn av ukjende automatisk freda kulturminne og det må difor påreknast ei arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta jf. § 9 i kulturminnelova.

#### ***Delstrekning 4 Tertneskrysset – Vågsbotn***

Det er ikkje kjend mange kulturminne langs dette strekket, men nokre områder kan likevel ha potensial for funn av ukjende automatisk freda kulturminne, mellom anna på vestsida av Åsligrenda og i Vågsbotn. Det må påreknast ei arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta jf. § 9 i kulturminnelova.

#### ***Fløyfjellstunnelen, forlenging til Eidsvåg***

Det er ikkje kjend automatisk freda kulturminne i sjølve planområdet ved Eidsvåg, men området er rikt på kulturminne med stor tidsdjupne frå eldre steinalder til mellomalder. Potensialet for funn av ukjende automatisk freda kulturminne langs Jordalsvatnet er stort og det må difor påreknast ei arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta jf. § 9 i kulturminnelova.

***Hovudsykkelrute Bradbenken – Munkebotntunnelen***

Deler av traseen ligg innafor automatisk freda mellomalderbygrun. Riksantikvaren vil gje fråsegn i saka. For områda nord for mellomalderbygrunn kan det verte naudsynt med ei arkeologisk registrering jf. kulturminnelova § 9 for å oppfylle undersøkingsplikta.

Marine kulturminne

Bergens Sjøfartsmuseum er fagmynde i saker som kan råke marine kulturminne i sjø og vatn. Saka er sendt museet for fråsegn.